

Tilknyttede organisasjoner;



NVE

Molde, 19 mars 2025

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb, 4 H Møre og Romsdal og Risken Sopp- og Nyttevekstforening.

Mørevassdraget – høring av vilkåra for vassdragsreguleringa

FNF Møre og Romsdal viser til offentlig høring av reguleringa for Mørevassdraget med høringsfrist 19 mars 2025.

Innleiingsvis vil vi seie takk til NVE som tek opp revideringa av vilkåra for reguleringa av Mørevassdraget – dette gir eit godt utgangspunkt for å betre miljøtilhøva i det regulerte Mørevassdraget og er i tråd med samfunnets ønske om at gamle konsesjoner trenger revidering med bakgrunn i ny kunnskap og nye miljømål for vår natur.

Siste dagars fokusering på manglande tilsyn med eksisterande vassdragsreguleringar då spesielt minstevassføring (sjå <https://www.nrk.no/klima/byggeboom-av-norske-sma-vannkraftverk-men-nve-kontrollerer-bare-noen-fa-1.16877598>) har vist at vi må bli nøyare på å sette vilkår som kan følgast opp. Dette då det viser seg at tilsynsmyndigheitene ikkje prioriterer å syte for at vilkåra blir fulgt opp. Vårt forslag er difor at dei nye vilkåra må utformast slik at tilsynet bli automatisert samt blir lesbart i terrenget for folk flest. Vi ønskjer difor at registrering av minstevassføring, krav om skilting og merking blir prioritert. Eit eksempel som kan brukast er formuleringane i vassdrags- konsesjonen av 22.08.24 for Moldevatnet i Molde kommune. Utdrag frå bestemmelsane:



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner

moreogromsdal@fnf-nett.no | Fannestrandsvegen 122, 6419 Molde | tlf 46 43 14 27
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

«Det skal etableres en måleanordning for registrering av minstevannføring. Den tekniske løsningen for dokumentasjon av slipp av minstevannføringen skal godkjennes av NVE. Data skal fremlegges NVE på forespørsel og oppbevares på en sikker måte i hele anleggets levetid.

Ved alle steder med pålegg om minstevannføring skal det settes opp skilt med opplysninger om vannslippbestemmelser og hvordan riktig slipp kan kontrolleres. Skiltenes utforming og plassering skal være i tråd med NVEs gjeldende veileder.

Ved alle reguleringsmagasin skal det settes opplysningsskilt på steder som er lett synlig for allmennheten. Skiltene skal inneholde opplysninger om fastsatte reguleringsgrenser og om hvordan vannstanden i magasinet kan kontrolleres. Skiltenes utforming og plassering skal være i tråd med NVEs gjeldende veileder.»

Det sentrale for oss er utfordringane med minstevassføring slik at levekåra for alle artsgruppene i og ved vassdraget kan bli betre. Vi håper NVE ser spesielt på denne delen av konsesjonen og prioriterer Mørevasdraget for minstevassføring.

Elles er vel spørsmålet om kva som skjer når det blir driftsstans fort aktuelt også i dette anlegget. Er det behov for omløpsventil eller andre innstallasjonar som hindrar tørrlegging og naturøydelegging i Mørevasdraget ?

Vi ser på fiskeutsettingar, biotopforbetrande tiltak som sekundære tiltak. I praksis er det ein minimum vassføring i ulike årstider som sett ut frå økologisk perspektiv (tilpassa minstevassføring) er det som verkar best på tiltakssida. Å fortsette å sette ut framand fisk i elvar eller vassmagasin som blir liggande på tørre landet grunna effektkøyring av eit kraftverk er jo ikkje berekraftig. Då er det betre å vere realistisk eks ved å setje inn tiltak som styrkjer det naturlege produksjonsgrunnlaget og gjer at naturleg vandring igjen kan kompensere for tapt/reduert fiskeproduksjon. Der ein kan oppnå eit haustbart overskot med vassførings- og habitattiltak, skal det jo ikkje setjast ut fisk.

Vårt syn på landskapet, vår form for friluftsliv og opplevingskvalitetar av natur er under stadig endring. Det betyr fort at vår verdsetting av desse kvalitetane vil føre til eit anna resultat i dag enn som var tilfelle ved tidlegare vassdragsreguleringar. Folkehelsebiten har også vorte meir fokusert i dei seinare åra. Dette betyr i praksis at vi no fokuserer meir på nærturar og naturopplevingar i kvardagen. Noko som i praksis betyr at elvestrengane der folk bur har stor interesse for friluftslivet og folkehelsa. Turvegane langsmed sentrale delar av Mørevasdraget er lett tilgjengeleg – vi ber difor om at det blir utført kompensierende tiltak slik at ikkje det regulerte vassdraget hindrar folks rørsle unødig.

Mørevasdraget med sitt mangfald har også opplevingskvalitetar for dei som fiskar. Dessutan skal ein ikkje kimse av verdien av fisken som mat og som ein del av beredskapslageret til det norske folk.



Elles viser vi til egne uttaler frå Naturvernforbundet og NJFF om denne saka.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

